

ÅLESUND KOMMUNE KONTROLLUTVALET



MØTEINNKALLING

Kopi: Ordfører
Kommunedirektør
Kommunerevisjon

Onsdag 3. mars 2021 kl. 16.00 Møre og Romsdal Revisjon SA sine lokale i Lerstadvegen 545.

Møtet startar med ei orientering frå kommunalsjef Bjørn Ivar Rødal omkring kommunale tilskot til private skular på barne og ungdomstrinnet.

SAKSLISTE

- Sak 08/21 Godkjenning av møteboka frå 28. januar 2021
- Sak 09/21 Meldingar til kontrollutvalet
- Sak 10/21 Budsjettavvik og opplysningar i årsmeldinga.
- Sak 11/21 Oppmoding om vurdering av driftsmessige tilhøve ved Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS

Eventuelt

Bente Bruun

Leiar

(sign.)

Ålesund kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.:08/21

Møtedato: 3. mars 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 28. JANUAR 2021

MØTEBOK

Møtedato: 28.01.2021, kl.16.00

Møtestad: Kommunerevisjonen sine lokalar i Lerstadvegen 545.

Møtet vart leia av Bente Bruun.

Elles deltok:

Kåre A. Hanken, Knut Helge Vestre, Terri Senior og Jannicke Strømmen.

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen deltok oppdragsansvarleg revisor Veslemøy Ellinggard og forvaltningsrevisor Kurt Løvoll.

Ålesund kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.:01/21

Møtedato: 28. januar 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 15. DESEMBER 2020

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet sendt ut 21. januar 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå møtet 15. desember 2020.

Ålesund kontrollutval

Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.:02/21

Møtedato: 28. januar 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal



MELDINGAR TIL KONTROLLUTVALET

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet sendt ut 21. januar 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ålesund kontrollutval

Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.:03/21

Møtedato: 28. januar 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal



**INTERIMREVISJON VED OPPDRAGSANSVARLEG
VESLEMØY ELLINGGARD**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet sendt ut 21. januar 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Ålesund kontrollutval tek oppsummeringa frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

Ålesund kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.:04/21

Møtedato: 28. januar 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet sendt ut 21. januar 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet igangsetjar arbeidde med ein forvaltningsrevisjon innan temaet sjølvkost innan teknisk sektor i tråd med vedlagte prosjektplan.

Ålesund kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.:05/21

Møtedato: 28. januar 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal/Kjetil Kvammen

KOMMUNAL INTERNKONTROLL

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet sendt ut 21. januar 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet syner til den store betydninga internkontrollen har for den kommunale verksemda.
2. Utvalet bed om å få ei orientering frå kommunedirektøren om arbeidet med internkontrollen i kommunen.



Ålesund kontrollutval

Saksgang: kontrollutvalet

Saks nr.:06/21

Møtedato: 28. januar 2021

Sakshandsamar: Kjetil Kvammen

ARBEIDSVILKÅRA FOR FOLKEVALDE I KOMMUNESTYREMØTA

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet sendt ut 21. januar 2021

Innstilling til vedtak frå kontrollutvalsekretariatet.

1. Kontrollutvalet er kjent med at enkelte folkevalde stiller seg kritisk til lengda på kommunestyremøta. Det vert hevda at lange møter med mange saksar vanskeleggjer folkevalde sine arbeidsvilkår, reduserer kvaliteten på saksbehandlinga i møta og i enkelte tilfelle kan gå ut over interessa for politisk arbeid.
2. Utvalet finn grunn til å minne om kommunestyret sitt eige reglement der intensjonen er å legge til rette for at dei folkevalde kan utføre oppgåvene sine på ein god måte. Utvalet har merka seg dei utfordringane som følgjer av t.d. talet på representantar og korona-pandemien. Slik som praksis har utvikla seg er det likevel forklarleg at saksomfang og tidsbruk i det enkelte kommunestyremøte har fått auka fokus.
3. Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret som orienteringssak. Utvalet håper at saka kan vere med å betre møtekulturen for Ålesund kommunestyre i framtida.

Kåre Hanken fremma fyljande endringsforslag i punkt 1:

Kontrollutvalet er kjent med at enkelte folkevalde stiller seg spørrande til lengda på kommunestyremøta.

Bente Bruun fremma fyljande endringsforslag i punkt 2:

Utvalet finn grunn til å minne kommunestyret om vedteken reglement der intensjonen er å legge til rette for at dei folkevalde kan utføre oppgåvene sine på ein god måte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet er kjent med at enkelte folkevalde stiller seg spørrande til lengda på kommunestyremøta. Det vert hevda at lange møter med mange sakar vanskeleggjer folkevalde sine arbeidsvilkår, reduserer kvaliteten på saksbehandlinga i møta og i enkelte tilfelle kan gå ut over interessa for politisk arbeid.
2. Utvalet finn grunn til å minne kommunestyret om vedteken reglement der intensjonen er å legge til rette for at dei folkevalde kan utføre oppgåvene sine på ein god måte.

Utvalet har merka seg dei utfordringane som følgjer av t.d. talet på representantar og koronapandemien. Slik som praksis har utvikla seg er det likevel forklarleg at saksomfang og tidsbruk i det enkelte kommunestyremøte har fått auka fokus.
3. Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret som orienteringssak. Utvalet håper at saka kan vere med å betre møtekulturen for Ålesund kommunestyre i framtida.

Ålesund kontrollutval

Saksgang: kontrollutvalet

Saks nr.:07/21

Møtedato: 28. januar 2021

Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal



ÅRSMELDING 2020 ÅLESUND KONTROLLUTVAL

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet sendt ut 21. januar 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Ålesund kontrollutval godkjenner årsmeldinga for 2020. Den blir å sende over til kommunestyret til orientering.

Eventuelt:

Kontrollutvalet ber om ein gjennomgang av reglene for økonomisk tilskot til privatskolane på barne- og ungdomstrinnet i kommunen.

Korleis kjem privatskolane ut økonomisk i høve til gjennomsnittet av dei same kommunale skolane.

Sekretariatet vil undersøke med kommunedirektøren om det er mogleg å få ei slik orientering på neste møte 3. mars 2021.

Møtet var slutt kl. 17.45

Bente Bruun

Leiar

(sign.)

Jannicke Strømmen

Medlem

(sign.)

Knut Helge Vestre

Medlem

(sign.)

Kåre Alfred Hanken

Medlem

(sign.)

Terri Senior

Nestleiar

(sign.)



MELDINGAR TIL KONTROLLUTVALET

Melding nr. 1 Informasjon om FKT (forum for kontroll og tilsyn) sin konferanse i Ålesund 1. og 2. juni 2021.

Melding nr. 2 Vedtak i Ålesund kommunestyre om plan for eigarskapsmelding.

Melding nr. 3 Vedtak i Ålesund kommunestyre om kontrollutvalet si sak om arbeidsvilkår for folkevalde.

Tilråding til vedtak:

Ålesund kontrollutval tek meldingane til vitande.

Fagkonferanse og årsmøte 2021



Velkommen til fagkonferansen 2021, 1.-2. juni

FKT planlegger med at den årlige fagkonferansen og årsmøtet arrangeres som en fysisk samling. Alternativet er å lage en digital produksjon som strømmes/sendes direkte til deltakerne. Deltakeravgiften vil da blir betraktelig redusert. Opplysninger om eventuelle endringer legges ut fortløpende.

[Scandic Parken, Ålesund](#)

Om programmet:

- Statsforvalteren i Møre og Romsdal åpner konferansen og det er naturlig at hun vil komme inn på samordning av statlige tilsyn og forvaltningsrevisjon
- Vi satser på noe gjenbruk fra programmet fra juni 2020, blant annet om roller og rolleforståelse i den kommunale egenkontrollen. Innlederne er fra fylket: ordfører, kommunedirektør og kontrollutvalgsleder.
- Kommunalt barnevern i et internasjonalt søkelys
- Habilitet i kommuner – kan vi snakke om rollekarusell? Saker som har vært omtalt i media
- Eierskapskontroll og kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskap og årsberetning

(Hele programmet blir lagt ut her når det er klart)

Om årsmøtet

Kveldsprogrammet

Godt gjemt i en av de få bydelene av Ålesund sentrum som overlevde bybrannen i 1904, i en oase av byhistoriske bygninger – i en nedlagt tranfabrikk i Molovegen, finner vi Teaterfabrikken. Du kan glede deg til en utfukt til teaterfabrikken [“Fabrikken med kultur på samlebåndet”](#). Her skal vi oppleve [Serveringsteateret](#)

Konferanseavgift:

- Kr 6 900, (Ikke medlem kr 7 300)

9 av 35

- Kr 5 500 uten overnatting (Ikke medlem kr 5 900)
- Ekstra overnatting fra 31. mai -1. juni 2021: Kr 1 395

Påmelding innen 6. april

Ved å melde deg på konferansen, samtykker du i at vi kan beholde dine personlige data så lenge det er behov knyttet til dette arrangementet.

Påmelding

Kommune/selskap

Organisasjonsnummer EHF *

Postnummer *

Poststed *

Ressursnummer e.l. (som ref. på faktura)

E-post

☐ Er medlem i FKT

Deltaker

Fornavn *

Etternavn *

Epost *

Mobil

Tilleggsopplysninger, allergier ol.

Ønsket deltakelse *

Send

Sunnmøre kontrollutvalssekretariat

Saksbehandlar:

Elin Moen

Tlf.

Dykkar referanse:

Vår referanse:

21/696-4 21/17437

Dato:

22.02.2021

Plan for eigarskapskontroll frå kontrollutvalet. Melding om vedtak

Ålesund kommunestyre- 036/21, har i møte 18.02.2021 fatta følgjande vedtak:

Vedtak:

1. Kommunestyret vedtar plan for eigarskapskontroll 2020-2023. Første prioritet bør vere å få utarbeid ei eigarskapsmelding for Ålesund kommune i tråd med ny kommunelov. Kontrollutvalet bør vente med bestilling av eigarskapskontroll til denne meldinga er vedtatt i kommunestyret.
2. Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i planen. Ei slik eventuell justering av planen bør bygge på eventuelle endringar i risikobiletet og dei signal som kjem fram i eigarskapsmeldinga.
3. Kontrollutvalet bør prioritere å være med på eigarskapskontrollar som blir initiert av andre kontrollutval i selskap som ein eig saman.

Med helsing
Elin Moen
politisk sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Sunnmøre kontrollutvalssekretariat

Saksbehandlar:

Elin Moen

Tlf.

Dykkar referanse:

Vår referanse:

20/9113-11 21/17441

Dato:

22.02.2021

Sak frå Ålesund kontrollutval til kommunestyret - dei folkevalde sine arbeidsvilkår. Melding om vedtak

Ålesund kommunestyre- 037/21, har i møte 18.02.2021 fatta følgjande vedtak:

Vedtak:

Ålesund kommunestyre tek kontrollutvalet sitt vedtak i sak 06/21 frå møte 28.01.21 slik det går fram under til vitande.

1. Kontrollutvalet er kjent med at enkelte folkevalde stiller seg spørrende til lengda på kommunestyremøta. Det vert hevda at lange møter med mange saksar vanskeleggjer folkevalde sine arbeidsvilkår, reduserer kvaliteten på saksbehandlinga i møta og i enkelte tilfelle kan gå ut over interessa for politisk arbeid.
2. Utvalet finn grunn til å minne kommunestyret om vedteken reglement der intensjonen er å legge til rette for at dei folkevalde kan utføre oppgåvene sine på ein god måte.
3. Utvalet har merka seg dei utfordringane som følgjer av t.d. talet på representantar og korona-pandemien. Slik som praksis har utvikla seg er det likevel forklarleg at saksomfang og tidsbruk i det enkelte kommunestyremøte har fått auka fokus.
4. Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret som orienteringssak. Utvalet håper at saka kan vere med å betre møtekulturen for Ålesund kommunestyre i framtida.



BUDSJETTAVVIK OG RAPPORTERING I ÅRSMELDINGA

Vedlegg: orientering frå Møre og Romsdal Revisjon SA

Bakgrunn:

Med bakgrunn i ny kommunelov har revisor fått ei utvida oppgåve i høve budsjettavvik og opplysningar i årsmeldinga.

Dei nye oppgåvene kjem fram av kommunelova sin § 24-5, 3. ledd og lyder slik:

«Revisor skal vurdere om årsberetninga innehelder de opplysningane som lov og forskrift krevjar. Revisor skal vurdere om opplysningane om økonomi i årsberetninga stemmer overeins med årsregnskapet.

Revisor skal sjå etter om årsberetninga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og om vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av bevillingane.»

Revisjonen vil i møtet forklare korleis dette påverkar revisors og kommunen sine oppgaver.

I møtet onsdag 3. mars 2021 vil også kontrollutvalet få møte ny oppdragsansvarleg revisor Anne Jorunn Vatne.

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Budsjettavvik og ny kommunelov

- KOMMUNENS/FYLKESKOMMUNENS OPPGAVER
- REVISORS OPPGAVER

Kommunen/fylkeskommunens oppgaver

§ 14-4 Økonomiplan og årsbudsjett (utdrag)

- ▶ Økonomiplanen skal vise hvordan langsiktige utfordringer, mål og strategier i kommunale og regionale planer skal følges opp
- ▶ Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer og bevilgninger og de målene og premissene som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på.

Kommunen/fylkeskommunens oppgaver

§ 14-5 Budsjettstyring (utdrag)

- ▶ Kommunestyret eller fylkestinget skal endre årsbudsjettet når det er nødvendig for å oppfylle lovens krav om realisme og balanse.
- ▶ Kommunedirektøren skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om utviklingen i inntekter og utgifter, sammenholdt med årsbudsjettet. Hvis utviklingen tilsier vesentlige avvik, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årsbudsjettet.

Kommunen/fylkeskommunens oppgaver

§ 14-7 Årsberetning (utdrag)

Årsberetningen skal redegjøre for:

- ▶ Forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar økonomisk handleevne over tid.
- ▶ vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene.

Hva anses som dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik?

- ▶ En redegjørelse som presist og tilstrekkelig forklarer årsaken til budsjettavviket, enten det gjelder beløpsmessige avvik, eller manglende oppfyllelse av, eller avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene.

Revisors oppgaver – bestemmelse i bokstav e) er ny

§ 24-8 Revisjonsberetning (utdrag)

- ▶ I revisjonsberetningen skal revisor uttale seg om det er avdekket forhold som gir grunn til å tro at årsberetningen ikke gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.
- ▶ Inkluderer både vesentlige avvik fra budsjettets talldel, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene.

Forenklet etterlevelseskontroll av budsjettavvik

► Delvis ny oppgave:

1. Vesentlige beløpsmessige budsjettavvik – IKKE NY
2. Vesentlige avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene – NY

Revisors oppgave nå – vs. gammel kommunelov

- ▶ Gammel lov: Forbehold eller presisering i revisjonsberetning ved vesentlige beløpsmessige budsjettavvik, uansett hvor dekkende opplysninger som ble gitt i årsberetningen.
- ▶ Ny lov: Se etter om årsberetningen gir dekkende opplysninger om vesentlige beløpsmessige avvik fra årsbudsjettet og om vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene.

Revisors oppgave forts.

- ▶ Revisor skal ut fra risiko- og vesentlighetsvurdering finne de premissene for bruken av bevilgningene med størst risiko for vesentlige avvik, med formål om det i årsberetningen er gitt dekkende opplysninger om eventuelle avvik fra premissene for bruken av bevilgningene.
- ▶ Hvordan håndterer vi dette i praksis?

Naturlige revisjonshandlinger

- ▶ Gjennomgang av budsjettdokumenter og budsjettjusteringer
- ▶ Forespørsel kommunedirektør
- ▶ Forespørsel ordfører om hvilke premisser for bruken av bevilgningene som ligger i årsbudsjettet
- ▶ Gjennomgang av perioderapporter for å finne premisser for bruken av bevilgningene med vesentlige avvik
- ▶ Sammenholde mottatt informasjon og bruke revisors skjønn for å vurdere om informasjon og forklaringer er rimelige
- ▶ Innhente skriftlig uttalelse

Rapportering

- ▶ Uttalelse om budsjettavvik blir en egen del i revisjonsberetningen
- ▶ Moderat sikkerhet
- ▶ Der revisjonsberetningen gjelder det konsoliderte årsregnskapet, vil uttalelse om budsjettavvik gjelde for kommunekassen
- ▶ Avvik som fører til modifisert uttalelse, skal kommuniseres til kontrollutvalget med et nummerert brev.

“ Vi vil bidra til at innbyggerne i
Møre og Romsdal får et enda
bedre fylke å bo i ”

- Møre og Romsdal Revisjon SA



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 11/21

Møtedato: 3. mars 2021
Sakshandsamar: Kjetil Kvammen/Bjørn
Tømmerdal

OPPMODING OM VURDERING AV DRIFTSMESSIGE TILHØVE VED ÅLESUND KOMMUNE ADMINISTRASJONSBYGG AS

Vedlegg: 1. innspel frå ekstraordinær generalforsamling den 02.02.2021
2. leigeavtale datert 10.05.1984
3. selskapsvedtekter revidert 03.12.2012.

Bakgrunn:

Etter ekstraordinær generalforsamling den 02.02.2021 vart det gjort slikt vedtak i formannskapet:

Formannskapet ber kontrollutvalet vurdere drifta av Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS med bakgrunn i opplysningar som kom fram i ekstraordinær generalforsamling 02.02.2021. Vedtekter, husleigeavtale og skattekostnad er vesentlege

1. Foreløpige kommentarer til konkrete tilhøve som kontrollutvalet er bedt om å vurdere

Oppmodinga om å «vurdere drifta» må tolkast til å gjelde dei driftsmessige tilhøva som formannskapet har rekna opp som «vesentlege». Om andre driftsmessige spørsmål skal undersøkjast, må vurderast i lys av kva som kjem fram under eit eventuelt arbeid med saka.

Spørsmål som kan reisast når det gjeld leigeavtalen

Avtalen er inngått mellom selskapet som utleigar og kommunen som leigar av administrasjonsbygget, seksjon som tilhører selskapet.

Pkt. 3 omhandlar ansvarsdeling mellom kommunen og selskapet og lyder slik:

«Den daglige drift og administrering av administrasjonsbygget skal – under kontroll av selskapets styre – forestås av kommunen. Kommunen bærer selv alle driftsutgifter og løpende utgifter, med de unntak som fremgår av punkt 4 nedenfor».

Aktuell del av pkt. 4 lyder:

«Den årlige leien fastsettes til et beløp som svarer til summen av selskapets

- kapitalutgifter (renter + avskrivning)
- utgifter til administrasjon og forretningsførsel
- utgifter til forsikring
- utgifter til større vedlikehold»

Pkt. 5 gir reglar om å konto betaling gjennom året av ei skjønsmessig, foreløpig leige.

Av pkt. 6 går det fram at den endelige husleiga for vedkomande år skal fastsetjast innan 20.12. og avreknast mot det som er innbetalt. Det heiter at «Eventuelt for mye innbetalt husleie tilbakebetales til kommunen..»

Foreløpige kommentarar

Det er i pkt. 4 rekna opp kva for utgifter som skal inndekkast gjennom den årlege leiga frå kommunen. Bortsett frå «utgifter til større vedlikehold...» kan dei faktiske utgiftene lesast ut av årsrekneskapen.

Spørsmålet blir m.a. om det kan seiast å ligge føre eit avtalebrot dersom leigegrunnlaget går utover det pkt. 4 fastset. Dersom for eksempel utgiftene «til større vedlikehold» i året ikkje kan finnast att som utgifter i rekneskapen for vedkomande år, så vil spørsmålet vere om det er krevd for høg leige. Kravet i avtalen om tilbakebetaling til kommunen av overskott på å konto-innbetalingane kan isolert sett tyde på at leiga skal vere ei utgiftsdekning som skal tolkast bokstaveleg.

For kvart av åra 2018 og 2019 har overskottet vore ca. 4,5 million kroner. Eit relevant spørsmål kan difor vere i kva grad selskapet kan disponere over eit akkumulert overskott så lenge dette «anvendes i selskapet», jfr. vedtektene.

Det vil kunne vere ei oppgåve å belyse og vurdere desse tilhøva nærare, m.a. i høve til dei plikter som følgjer av leigeavtalen.

Spørsmål som kan reisast i høve til **vedtektene**

I pkt. 2 heiter det at selskapet sitt føremål er «bygging og drift av administrasjonsbygg» og at «Selskapet har et ikke økonomisk formål».

Dette kravet kom inn i vedtektene i 2012 etter krav frå fylkesmannen og som vilkår for godkjenning av kommunen sin garanti overfor selskapet.

Den heilskapsvurderinga som må gjerast for å ta standpunkt til om selskapet er drive utan økonomisk formål krev ei noko nærare utgreiing. Verksemda sin art og omfang er moment her.

I utgangspunktet gjeld ikkje aksjelova for selskap som ikkje har økonomisk formål, med mindre nemninga aksjeselskap er nytta i stiftingsgrunnlaget. I så fall vil selskapet vere omfatta av aksjelova sjølv om selskapet primært ikkje er oppretta for å gi økonomiske fordelar og framskaffe overskott.

I følgje pkt. 6.2 skal generalforsamlinga «Godkjenne bruk av overskudd, eventuell inndekking av underskudd. Eventuelt overskudd skal anvendes i selskapet».

Formuleringa kan tolkast slik at drift med overskott samsvarar med vedtektene. Spørsmålet blir då om det også kan sameinast med leigeavtalen sitt krav om tilbakebetaling av overskytande leige dersom denne overstig dokumenterte utgifter.

Det er naturleg å gå nærare inn i problemstillinga og sjå på ei sannsynleg tolking av vedtektene.

Når det gjeld spørsmål om **skattekostnad** kan følgjande foreløpig uttaland:

Aksjeselskap svarar ikkje formuesskatt. Formuen vert fastsett på eigarane med basis i aksjeverdien.

Av skatt på inntekt kan ein lese ut av årsrapporten for 2019 at selskapet har hatt ein skattekostnad på kr. 1.272.489.-. Tilsvarende skatt for 2018 var kr. 1.113.980.-. For begge desse åra vart det nytta framførbart underskott i storleik 7 million kroner til frådrag, slik at skattegrunnlaget for vedkomande år vart 0.

Akkumulert framførbart underskott pr. 31.12.2019 var kr. 21.236.637.-. Føreset ein ca. kr. 7 million kroner i årleg skattbar inntekt for 2020-2022 vil selskapet såleis måtte betale skatt frå 2023.

Det kan reisas spørsmål om dette kan sameinast med leigeavtalen.

2. Foreløpig vurdering av rammen for ein eventuell avgrensa kontroll

Spørsmåla som vart reist i generalforsamlinga gjaldt leigeavtale og skattlegging av overskott. Vidare var temaet om selskapsvedtektene, vedtatt seinast 03.12.2012, kan vere i strid med leigeavtalen av 10.05.1984.

Dei tema som formannskapet bed kontrollutvalet om å ta opp bør naturleg kunne bli vurdert ved ein gjennomgang av selskapets sin praksis i høve til leigeavtalen. Det bør difor vere spørsmålet om etterleving av denne avtalen, slik den er å forstå etter ei tolking som også tek omsyn til vedtektene, som er hovudtemaet for kontrolltiltaket.

Kontroll og vurderingar av selskapet sin strategi, økonomistyring og måten selskapet er drive eller organisert på ligg derimot utanfor det kontrollutvalet kan ettersjå.

Når det gjeld m.a. kommunalt eigde aksjeselskap går det fram av kommunelova § 23-6 tredje ledd at «Kontrollutvalget kan foreta undersøkelser i virksomheten hvis det er nødvendig».

3. Om kontrollutvalget bør behandle saka, eventuell saksgong

Om Ålesund kontrollutval utifrå sine prioriteringar finn å ville gå inn i saka på det grunnlaget som no ligg føre vil bli avgjort av utvalet sjølv og forslaget til vedtak bygg på dette.

Nærverande saksnotat inneheld ein summarisk omtale av dei kontrollpunkta som formannskapet har oppmoda kontrollutvalet om å ta opp. Dette gjeld tilhøve som kan vere aktuelle for nærare utgreiing og vurderingar, for det tilfelle at utvalet ønskjer dette.

Kontrollutvalet rapporterar resultatet av arbeidet sitt til kommunestyret.

Som aksjeeigar kan kommunen etter aksjelova krevje at styret i innkallar til ekstraordinær generalforsamling for å få behandla eit «bestemt angitt emne». Eitt eller fleire slike «emne» kan vere nærare definert i ei eventuell innstilling frå kontrollutvalet til kommunestyret.

Det er gjennom generalforsamlinga at kommunen utøver det øvste myndet i Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS.

Tilråding til vedtak:

1. Kontrollutvalet bed sekretariatet legge fram ei vurdering av selskapet si etterleving av gjeldande leigeavtale med kommunen i perioden 2018-2020.
2. Utvalet vil kome attende til eventuelle tilrådingar rundt selskapet i samband med sin rapport til kommunestyret.

vedlegg 1

Bjørn Tømmerdal

Politisk sekretariat

Saksbehandlar:
Dagrun Lorgen Jensen
Tlf.

Dykkar referanse:

Vår referanse:
20/267-2 21/12273

Arkivkode:
033

Dato:
08.02.2021

Oppfølging frå møte i Ålesund formannskap 2. februar 2021 vedrørende drift av Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS

Ålesund formannskap hadde møte 2. februar 2021 og gjorde slikt vedtak:

Formannskapet ber kontrollutvalet vurdere drifta av Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS med bakgrunn i opplysningar som kom fram i ekstraordinær generalforsamling 02.02.2021. Vedtekter, husleigeavtale og skattekostnad er vesentleg.

Vedlagt finn dei omtalte vedtektene. Dagleg leiar, Helene Breivik, eller styreleiar, Terje Tvedt, står til Kontrollutvalet si disposisjon i saka.

Med helsing
Dagrun Lorgen Jensen
leiar for politisk sekretariat

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

- Endringer vedtekter 3.12.2012
- 1 Innkalling GF Ålesund kommunale administrasjonsbygg as
- 2 Vedlikehold Rådhusplassen GF
- 3 Vedlegg 1 Notat vedr. rådhusplssen GF
- 4 Vedlegg 2 Rådhusplassen GF

Vedlegg:

5 Innvendig renovering av rådhuset GF

6 Vedlegg 1 Vedtekter 3.12.2012 GF

7 Vedlegg 2 Rådhusforvalter-notat innvendig renovering GF

8 Vedlegg 3 Leieavtale mellom Ålesund kommune og Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS GF

Innvendig renovering av rådhuset

Referat generalforsamling 22.10.2019

Vedlegg 1 Årsberetning 2019 (DokID 1451300)

Vedlegg 2 Årsregnskap 2019 med noter og tilleggsposter (2) (DokID 1451301)

Signert protokoll GF 2020

L E I E A V T A L E

mellom Ålesund kommune og Ålesund kommunes administrasjonsbygg A/S vedrørende leie av Ålesund Rådhus - administrasjonsbygget.

1.

Ålesund Rådhus, oppført på festet grunn, gnr. 130, bnr. 25 i Ålesund, består av flere seksjoner som tilhører ulike eiere, jf. seksjonering tgl. 29.9.1981.

Seksjon A, administrasjonsbygget, tilhører Ålesund kommunes administrasjonsbygg A/S, nedenfor kalt selskapet.

2.

Ålesund kommune, nedenfor kalt kommunen, leier administrasjonsbygget av selskapet.

3.

Den daglige drift og administrering av administrasjonsbygget skal - under kontroll av selskapets styre - forestås av kommunen. Kommunen bærer selv alle driftsutgifter og løpende utgifter, med de unntak som framgår av punkt 4 nedenfor.

4.

Den årlige leie fastsettes til et beløp som svarer til summen av selskapets

- kapitalutgifter (renter + avskrivning)
- utgifter til administrasjon og forretningsførsel
- utgifter til forsikring
- utgifter til større vedlikehold.

Disse bestemmelser gjelder fra det tidspunkt byggelånet er konvertert.

5.

Ved regnskapsårets begynnelse fastsettes en foreløpig leie på basis av en beregning av hva de årlige utgifter antas å beløpe seg til. Den foreløpige leie innbetales til selskapet i 12 like terminer den 1. i hver måned.

6.

Innen 20. desember hvert år foretas en endelig beregning av årets husleie. Eventuell for lite innbetalt husleie innbetales til selskapet innen 31. januar det etterfølgende år. Eventuelt for mye innbetalt husleie tilbakebetales til kommunen innen samme frist.

7.

Kommunen har rett til å framleie den del av lokalene som kommunen selv ikke ønsker å disponere.


8.


Leieavtalen skal være uoppsigelig i 20 år fra innflytting. Etter 20 år fra innflyttingen har kommunen og selskapet gjensidig rett til å si opp leieavtalen med 1 års varsel.

Ålesund, den 10. mai 1984

Som utleier:

Ålesund Kommunes Administrasjonsbygg A/S



Harald Bastiansen


Svein Trømerdal


Bjørn Kristvik

Som leietaker:

Ålesund kommune


Audun Bondevik
varaordfører

Vedlegg 3

VEDTEKTER FOR ÅLESUND KOMMUNES ADMINISTRASJONS-BYGG AS

Vedtatt 03.12.2012 på ekstraordinær generalforsamling

1. Selskapets navn er Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS.
Organisasjonsnummer 931 639 951
2. Selskapets formål er bygging og drift av administrasjonsbygg for Ålesund kommune og virksomhet som står i forbindelse med dette. Selskapet har et ikke økonomisk formål.
3. Selskapets forretningskontor er i Ålesund.
4. Selskapets aksjekapital er kr. 2 100 000 fordelt på 2 100 aksjer a kr 1 000 som eies av Ålesund kommune.
5. Som heleid kommunalt aksjeselskap utgjør Ålesund formannskap selskapets generalforsamling.
Styret skal bestå av 3 medlemmer med personlige varamenn. Medlemmene velges av generalforsamlingen. Valgperioden er 2 år. Gjenvalg kan finne sted. Styret velger selv formann.
6. Ordinær generalforsamling avholdes hvert år innen utgangen av juni måned og sammenkalles med minst 8 dager skriftlig varsel.

På den ordinære generalforsamling skal følgende spørsmål behandles og avgjøres:

1. Fastsetting av resultatregnskap og balanse
 2. Godkjenne bruk av overskudd, eventuell inndekking av underskudd. Eventuelt overskudd skal anvendes i selskapet.
 3. Andre saker som etter lov eller vedtekter hører under den ordinære generalforsamlingen.
-
7. Når det gjelder spørsmål som ikke er gitt bestemmelser om i disse vedtekter, skal reglene i den til enhver tid gjeldende aksjelov følges.
 8. Ved eventuell avvikling av selskapet, skal selskapets eiendeler tilfalle Ålesund kommune.